

Referanse 21/9389 – 23/58391

Klage på vedtak i Utval for areal, plan og miljø – gbnr 178/2 Kjenes

Saksgang

Alver kommune gav 5. desember 2022 eigar av gbnr 178/2 Nystølen løyve til å forlenga ein eksisterande landbruksveg som går sørover frå skytebana til Seim Skyttarlag med rundt 150 m slik at den kunne nå fram til Nystølen.

Dette skjedde etter ei lang og grundig saksbehandling inkludert to synfaringar. Frå Alver kommune deltok blant anna Svein Arne Vågane, rådgjevar landbruk, frå Vestland fylkeskommune, seniorrådgjevar Berit Vik og frå Seim Skyttarlag Jan Ove Seim.

Seim Skyttarlag klaga på vedtaket i brev frå 21.12.22 og 16.05.23.

Forslag til vedtak frå kommunedirektøren var å avvise klagen til Seim Skyttarlag sidan det ikkje kom fram nye moment i klagesaka. Dette vart likevel omgjort av Utval for areal, plan og miljø i møte 7. juni 2023. *Begrunnelse var bekymring for tryggleiken ved skytebana.*

Formålet med landbruksveg

På Nystølen står mellom anna eit hus frå 1845 og verdifulle steinmurar som svært treng vedlikehald. Gbnr 178/2 Nystølen har i 2022 fått utarbeidd skogbruksplan av AT Skog som viser mykje hogstmoden skog. Som synfaringane viste, er den omsøkte forlengninga av eksisterande landbruksveg einaste alternativ.

Seim Skyttarlag hevdar at gbnr 178/2 er ein «fritidsbolig». Dette er ein udokumentert påstand som gardens historie og synfaringane ikkje støttar.

Eksisterande landbruksveg passerer gjennom skytefeltet til Seim Skyttarlag og ei forlenging av denne vil ikkje endra området rundt skytebana. Omlag 10 grunneigar har allerede rett til å bruka denne landbruksvegen gjennom skytefeltet så ein kan spørja seg kvifor ikkje Nystølen kan få same retten.

Tryggleik

Begrunnelse for at Utval for areal, plan og miljø omgjorde tidlegare vedtak, var bekymring for tryggleiken ved skytebana.

Krav til drift av skytebaner framgår av «*Justisdepartementets forskrifter om skytebaner*» frå 1. juli 1988. I § 10.1 og §10.2 står det mellom anna at all skyting skal vera planlagt og varslast med oppslag. Eventuelle berørte naboar skal også varslast. I følge §10.3 skal det varslast med rødt flagg 15 min før og etter skyting. Området rundt skytebana skal også ha god sikt.

I området rundt skytebana er det i dag mykje vegetasjon og neppe tilfredsstillande sikt.

På synfaringa i juli 2022 spurte underteikna representanten frå Seim Skyttarlag om kvar skyteplanen til Seim Skyttarlag var offentleggjort. Svaret var «at dei ikkje hadde skyteplan sidan dei måtte ha adgang til å skyta når det passa, også på kort varsel». Dette er ikkje er i ansvar med regelverket.

Det er sjølv sagt vår intensjon å fylgja lovverket for skytebaner, men trygg ferdsel krev også at Seim Skyttarlag oppfyller krava i regelverket.

Konklusjon

- *Den omsøkte forlenginga av landbruksvegen skal nyttast til framføring av materiell til vedlikehald av gbnr 178/2 Nystølen og til skogbruksformål. Det er ikkje ein «hytteveg» slik Seim Skyttarlag hevdar.*
- Tryggleiken skal ivaretas ved å fylgja regelverket for skytebaner og bruka vegen til tider der det ikkje er aktivitet på skytebana.
- Vi siterer statsforvalteren i Vestland: *«Vi vil likevel peike på at bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178, bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisterande skogsveggar i området».*
- Vi ber derfor kommunen om å oppretthalde sitt vedtak frå 05.12.22 som gjev Rune Fanebust «løyve til å forlenga omsøkt landbruksveg på gnr.178, bnr. 2 Nystølen i Alver kommune».

Venleg helsing

Hans Rune Fanebust